



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Johan Sverre Rivertz, 5557 2262

Vår dato  
08.11.2016  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2016/8767 632.4  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland

### Rettar og pliktar etter introduksjonslova ved tilbakekall av opphaldsløyve

Justis- og beredskapsdepartementet har nyleg uttalt seg om konsekvensar for rettar og pliktar etter introduksjonslova ved tilbakekall av opphaldsløyve etter utlendingslova.

Uttalen gjeld dei høve der tilbakekalde opphaldsløyvet ga rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og vedkommande vert gitt eit nytt opphaldsløyve som gir rett og plikt til slik opplæring.

Departementet har avklåra følgjande:

- Fristen for rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap og kommunens plikt til å sørge for opplæring, vert berekna frå fyrste opphaldsløyve som seinare er kalla tilbake.
- Timar som er gjennomførte og registrert i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) i ein periode der vedkommande seinare har fått kalla tilbake sitt opphaldsløyve blir ståande og teller med når det skal vurderast om personen har oppfylt sin plikt etter introduksjonslova.

I døme der vedkommande ikkje får eit nytt løyve som gir rettar eller pliktar etter introduksjonslova, har vedkommande ikkje lenger rettar og pliktar etter introduksjonslova. Kommunen har då heller inga plikt til å sørge for verken introduksjonsprogram eller opplæring i norsk eller samfunnskunnskap.

Klårgjeringane frå departementet gjer det naudsynt å gjere endringar i NIR. Dette vil bli gjort så snart som mogleg.

Brevet fra departementet ligg ved.

Med helsing

Anne K. Hjermann  
utdanningsdirektør

Johan Sverre Rivertz  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

